



Sund kommune

Konkuranseregler

Open tilbodskonkurranse
etter FOA del I og II

for totalentreprise med løysingsforslag for Spildepollen
barnehage

Sak nr. 19/654

Innhold

1 GENERELL SKILDRING	3
1.1 OM OPPDRAGSGIVAR.....	3
1.2 SKILDRING AV OPPDRAGSGJEVAR SINE BEHOV	3
1.3 DELTILBOD.....	3
1.4 VIKTIGE DATOAR	3
1.5 DOKUMENT	4
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	5
2.1 ANSKAFFINGSPROSEODYRE.....	5
2.2 KRAV TIL ARBEIDS- OG LØNNNSVILKÅR.....	5
2.3 KRAV TIL LÆRLINGEORDNING OG MAKSIMALT TO LEDD I LEVERANDØRKJEDEN	5
2.4 OFFENTLEGHEIT OG TEIEPLIKT	5
2.5 VEDSTÅINGSFRIST	5
2.6 OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET OG TILLEGGSSOPPLYSNINGAR	6
3 KVALIFIKASJONSKRAV.....	6
3.1 GENERELT OM KVALIFIKASJONSKRAV	6
3.2 BRUK AV UNDERLEVERANDØRAR/SAMARBEIDSPARTNARAR.....	6
3.3 SKATTEATTEST	6
3.4 LEVERANDØREN SI ORGANISATORISKE OG JURIDISKE STILLING	7
3.5 LEVERANDØREN SIN ØKONOMISKE OG FINANSIELLE KAPASITET	7
3.6 DEI TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONANE TIL LEVERANDØREN	7
4 TILDELINGSKRITERIUM.....	8
5 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING	9
5.1 INNLEVERING AV TILBOD	9
5.2 UTFORMINGA AV TILBODET	9

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Om oppdragsgiver

Oppdragsgjevar er Sund kommune.

For meir informasjon om oppdragsgjevaren, sjå: <https://www.sund.kommune.no/>

1.2 Skildring av oppdragsgjevar sine behov

I samsvar med vedtak i Kommunestyret 15.11.16, sak K- 119/16 «Rullering barnehageplan 2016 – 2026» skal det byggast ny barnehage i Spildepollen. Telavåg og Glesnes barnehage skal leggast ned og drifta samlokalisert i Spildepollen. I reguleringsplan for skuleprosjektet i Spildepollen er det sett av tomt til barnehagen. Tomta er lokalisert like ved den nye skulen. Skuleprosjektet har lagt til rette for barnehage når det kjem til dimensjonering av parkeringsplass og teknisk infrastruktur.

Tomta er ferdig planert. Vatn og avlaup er ført fram til tomta og det ligg trekkerøyr for straum og fiber.

Fast inventar skal leverast av totalentreprenøren, medan laust inventar skal leverast av byggherre.

Oppdragsgjevar tar etterhald om endeleg politisk godkjenning av prosjektet.

Entreprenøren skal gje tilbod med komplett løysingsforslag.

Skildring av leveransen følgjer av konkurransegrunnlaget del 2.

1.3 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

1.4 Viktige datoar

Oppdragsgiver har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering Doffin	16. august 2019
Tilbodssynfaring	28. august 2019 kl. 12:00
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	4. oktober 2019, kl. 12.00
Frist for å levere tilbod	14. oktober 2019, kl. 12.00
Tilbodsopning	14. oktober 2019, kl. 12.15
Evaluering	Veke 42-43
Eventuell dialog	Veke 43-44
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	11. november 2019
Karensperiode	10 dagar

Kontraktsinngåing	Veke 48
Vedståingsfrist for tilbodet	31. januar 2020

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodstidspunktet er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilboden kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

1.5 Dokument

Konurransegrunnlaget består av følgjande dokument:

Del 1 inneholder konkurranseregler og dokumenter knyttet til gjennomføring av konkurransen

Vedlegg	Dokumentnamn
	Konurranseregler (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Mal tilbodsbrief
Vedlegg 2	Mal forpliktningserklæring
Vedlegg 3	Mal referanseskjema
Vedlegg 4	Mal avvik
Vedlegg 5	Mal eigenerklæring teieplikt

Del 2 inneholder avtaledokument med vedlegg.

Vedlegg	Dokumentnamn
	Avtaledokument NS 8407
Vedlegg 1	Funksjonsomtale
Vedlegg 1a	Situasjonsplan tomt
Vedlegg 1b	Retningslinjer for infrastruktur for IKT i kommunale bygg
Vedlegg 1c	Interkommunal norm for materialval
Vedlegg 1d	Spildepollen barnehage – Grensesnitt laust fast inventar
Vedlegg 1e	Krav til funksjon og utføring av kommunale APS stasjoner
Vedlegg 1f	Barnehagetomt (rar-fil)
Vedlegg 1g	Reguleringsplan
Vedlegg 1h	Reguleringsføresegner
Vedlegg 2	Leverandøren si løysingsskildring
Vedlegg 3	Prisskjema
Vedlegg 4	Administrative føreseggner
Vedlegg 5	Endringar i NS 8407
Vedlegg 6	Endringar etter kontraktsinngåinga
Vedlegg 7	Totalentreprisaboka Statsbygg
Vedlegg 8	NS 8407:2011

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å gjennomføre dialog gjennom forhandlingar med ein eller fleire av leverandørane som leverer tilbod i konkurransen. Forhandlingane vil kunne gjelde alle sider av tilboda. Utveljinga av kven det vil forhandlast med, vil bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria, jf. § FOA 9-3 (2). Det blir planlagt å ha forhandlingar med maksimalt 4 leverandørar.

Forhandlingar blir ikkje gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer at forhandlingar ikkje er føremålstenlege. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomførte ved behov.

Leverandøren blir på det sterkeste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt.

Tilbodssynfaring

Det vert halde tilbodssynfaring onsdag 28. august 2019 kl. 12.00. Frammøte på tomta.

2.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter.

2.3 Krav til lærlingeordning og maksimalt to ledd i leverandørkjeda

Kontrakten vil innehalde krav om at leverandøren vere knytt til ei lærlingeordning og at ein eller fleire lærlingar ta del i utføringa av kontraktarbeida.

Det stilles i kontrakten krav om at leverandøren kan ha maksimalt to (2) ledd underentreprenørar i kjede under seg.

2.4 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.5 Vedståningsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.4 ovanfor.

2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysninger

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i Mercell. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar gjennom kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg gjennom kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Skriftleg førespurnad om tilleggsopplysningar skal merkjast med namnet på konkurransen og sendast til oppdragsgiver gjennom kommunikasjonsmodulen i Mercell.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Generelt om kvalifikasjonskrav

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava. Sjå også pkt. 5.2.

3.2 Bruk av underleverandørar/samarbeidspartnarar

Ein leverandør kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet og tekniske og faglege kvalifikasjonar.

Dersom leverandøren støttar seg på andre skal tilbodet innehalda signert forpliktingserklæring, samarbeidsavtale eller liknande som stadfestar at leverandøren vil ha rådvelde over dei naudsynte ressursane. Mal for forpliktingserklæring er vedlagt, jf. pkt. 1.5.

Type dokumentasjon frå underleverandør	Kommentar
Forpliktingserklæring/samarbeidsavtale	Mal i del 1 vedlegg 2.
Dokumentasjon på oppfylling av dei kvalifikasjonskrava leverandør støttar seg på underleverandør for å oppfylla	Gjeld berre dei kvalifikasjonskrava som leverandør støttar seg på underleverandør for å oppfylla. Skal dokumenterast saman med tilbodet.

3.3 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift.	Skatteattest, ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfristen. Skal dokumenterast saman med tilbodet.

3.4 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Norske selskap: J Firmaattest Utanlandske selskap: J Godtgjering av at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. Skal dokumenterast saman med tilbodet.

3.5 Leverandøren sin økonomiske og finanzielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha god økonomisk og finansiell kapasitet relatert til storleik på og risiko i aktuelle kontrakten.	J Erklæring om verksemda si omsetjing dei siste tre rekneskapsåra. J Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. Skal dokumenterast saman med tilbodet.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finanzielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

3.6 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	Skildring av leverandøren sine relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om: a) Namn og kontaktinformasjon oppdragsgjevar b) Prosjektnamn c) Art, storleik, kostnad og kompleksitet med omsyn til utføring, logistikk og framdrift d) Tidspunkt (frå/til) e) Kva leveransar leverandøren stod for f) Entrepriseform Sjå del 1 vedlegg 3. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa

Krav	Dokumentasjonskrav
	<p>er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p> <p>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</p>
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne	<p>Oversikt over leverandørens totale bemanning, samt oversikt over talet årsverk, med kompetanse for spesielle/viktige fagområde for gjennomføring av denne kontrakten.</p> <p>Det skal gjerast greie for korleis leverandøren vil sikra tilstrekkeleg kapasitet for dette oppdraget. Det skal m.a. leggjast fram ein bemanningsplan for oppdraget som viser talet eigne tilsette, innleide, underentreprenørar med meir.</p> <p>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</p>
Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring	<p>Ei skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetssikring. Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 9001 eller tilsvarende standardar vil det vera tilfredsstillande å leggja fram kopi av gyldig sertifikat</p> <p>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</p>
Leverandøren skal ha naudsynte godkjenningar/kvalifikasjonar som tilsvarer det som kreves etter plan- og bygningsloven for gjennomføring av prosjektet.	<p>Dokumentasjon på sentrale godkjenningar eller annan dokumentasjon som synleggjer at leverandøren har naudsynte faglege kvalifikasjonar for å gjennomføra prosjektet.</p> <p>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</p>

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom kostnad og kvalitet, basert på desse kriteria:

Kriterium	Krav til dokumentasjon	Vekt
Pris / Kostnad Under dette kriteriet vert vurdert: <input checked="" type="checkbox"/> Total tilbodspris inkludert priser for rekningsarbeid.	Ferdig utfylt prisskjema, jf. del 2 vedlegg 3 Prisskjema.	65 %
Arkitektonisk heilskap og konseptløysing	Entreprenøren si løysingsskildring, under dette:	35 %

Kriterium	Krav til dokumentasjon	Vekt
<p>Under dette kriteriet vert vurdert:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✓ Planløysing, arealeffektivitet og funksjonalitet inne og ute. ✓ Materialval og tekniske løysingar inne og ute. 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Situasjonsplan for hele tomten i fargar kvar alle hovudelementa i uteområda er vist ✓ Plan, snitt og fasadar av barnehage. Romnamn og areala (BTA/NTA) må gå fram av plan teikninga ✓ 3D-skisser som visar fortrinn ved føreslått arkitektonisk konsept ✓ Utgreiing for materialval og tekniske løysingar (utgreiing bør følgje bygningsdelstabellen) 	

5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

5.1 Innlevering av tilbod

Tilboden skal leverast via Mercell: www.mercell.no innan tilbodsfristen.

Dersom tilbydar ikkje har brukar hos Mercell eller har spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, ta kontakt med Mercell support på tlf: +47 21 01 88 60

5.2 Utforminga av tilboden

Tilboden skal leverast i samsvar med disposisjon og namnestruktur på dokument som opplyst i innhaldslista tatt inn på s. 2 i del 1 vedlegg 1 Mal tilbodsbrev.